



Vår saksbehandlar
Eli Mundhjeld – tlf 57 65 51 53
E-post: em@fmsf.no

Vår dato
01.03.2005
Dykkar dato
01.12.2004

Vår referanse
2004/7602 - 560
Dykkar referanse

04	1944	264
AM	521	FJ

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

NOU 2004:26 "Hjemfall" - Høyringsfråsegn

Vi viser til oversendte dokument og vil kome med nokre generelle merknader til saken.

Beredskapsmessig vil vi peike på at stabil straumforsyning er i dag ein av dei viktige faktorar for eit velfungerande samfunn. Dette går vi ut i frå at sentrale styresmakter er klar over og tek høgde for i prosessen. Uansett kva som skjer så må styresmaktene sikre at framtidige straumleverandørar (offentlege, private eller utanlandske) har plikt til å levere straum til samfunnskritisk infrastruktur i heile landet.

Fylkesmannen er elles oppteken av at dei allmenne miljøverninteressene vert ivareteke. I utgangspunktet vert det sett miljøkrav til konsesjonar uavhengig av eigarforholda, men aukande geografisk avstand mellom konsesjonær og det utbygde vassdraget, vil truleg ikkje vere nokon fordel for dei lokale interessene. Det er viktig at retten til revisjon av konsesjonsvilkåra vert oppretthalde.

Fylkesmannen vil vidare peike på at mange kommunar i fylket med eigardelar i kraftverk har basert kommuneøkonomien på framtidige inntekter av desse kraftverka. Men reduserte inntekter, vil desse kommunane på lang sikt kunne få tilsvarande problem med kommuneøkonomien som dei mange kommunane i Sogn og Fjordane som i dag ikkje har store eigardelar i kraftverk. Fylkesmannen ber såleis om at kommunane sine synspunkt vert tillagt stor vekt i det vidare arbeidet.

Vi viser elles til vårt brev datert 22.03.03, om endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova.

Med helsing

Oddvar Flæte

Nils Erling Yndesdal
Fylkesmiljøvern sjef

Kopi pr. e-post: OJF, AMH